



## Nå blir framtidas Bygland planlagt – blir du med på idédugnaden?

Vi ønskjer innspel og idéar frå innbyggjarane til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og inviterer til idédugnad/ope møte følgjande stader:

- Årdalshallen 26. mai kl 18-20
- Grendi grendehus 27. mai kl 18-20
- Bygland kulturscene 31. mai kl 18-20
- Åraksbø grendehus 2. juni kl 18-20
- Ose grendehus 3. juni kl 18-20

*Grunna usikker smittesituasjon, så kan det vere vi må endre både på tidspunkt og møtestad.*

*Følg difor med på informasjon frå kommunen.*

### Kva er hensikta med kommuneplanen sin arealdel?

Kommuneplanen sin arealdel seier noko om kor utviklinga i kommunen skal skje. Arealdelen inneheld kart, føresegns og retningsliner som skal leggast til grunn for meir detaljert planlegging.

Arealdelen bestemmer korleis vi vil bruke og utvikle de ulike områda i kommunen: Kvar vil vi bygge nye bustadar? Kva område bør bli utvikla først? Kvar skal det vere kultur- og tenestetilbod, handels- og næringsverksemd? Kvar skal det vere grøntområde? Korleis skal vi best mogleg ta vare på natur og landbruksområda i kommunen? Og korleis skal vi kome oss rundt mest mogleg effektivt og miljøvenleg?

### Viktige tema for revidering av kommuneplanens arealdel

#### Generelt

- Styrke planføreseggnene og gjere dei brukande i den daglege drifta.  
Planføreseggnene legg fôringar for mellom anna detaljreguleringsplanar og byggesaksbehandling. Dei seier noko om korleis areala skal bli nytta og kva som er tillate og ikkje tillate. Det er derfor viktig at føreseggnene er gode slik at dei blir eit godt verktøy for innbyggjarane, utbyggjarar, administrasjonen i kommunen og andre.
- Korrigere planføresegner som er uklare, motseiande o.l.  
Føreseggnene må vere eintydige og lett forståeleg for alle.
- Klimatilpassing  
Korleis skal Bygland tilpasse seg framtidig klima?

## Bustad

- Planlegging av nye bustadområde  
Kvar skal vi ha nye, større bustadområde, og kva for kvalitetar skal desse ha?
- Strategi for livsløpsbusetting og universell utforming  
Korleis skal vi legge til rette slik at vi tek omsyn til ulik funksjonsevne?
- Konsekvensar ved spreidd bustadbygging  
Kva positive og negative sider er det ved spreidd bustadbygging?

## Næring

- Har vi behov for meir næringsareal? Kva typer næring skal vi legge til rette for?
- Massedeponi og masseuttak  
Det er behov for å deponere overskotsmassar, samtidig som det er etterspurnad etter steinmassar i bygge- og anleggssbransjen.

## Samferdsel

- Fylkesveg og lokale vegar  
Er det behov for endringar på fylkesvegar og lokale vegar?
- Gang- og sykkelvegar  
Kva må til for å legge til rette for fleire gåande og syklande i Bygland?
- Trafikksikkerheit  
Trafikksikkerheit er viktig i samband med nyetableringar. Også i eksisterande område er det behov for ei oppgradering.
- Parkeringsplassar til friluftsliv og rekreasjon  
Friluftsområda i Bygland er viktige for innbyggjarane, og vi må legge til rette for bruk av desse.

## Friområde og friluftsliv

- Grøntstruktur, fri-, park- og rekreasjonsområde i nærmiljøet  
Vi må ta vare på og legge til rette for rekreasjonsområde i nærområdet. Kva område i Bygland blir aktivt brukt? Kva type kvalitetar er viktige i slike område?



Foto: Anders  
Martinsen/Setesdal -  
Noreg tett på